

Mímir Kristjánsson (nyhetssjef) | Emilie Ekeberg
Pål Hellesnes | Anne Kari Hinna | Stian Nicolajsen
okonomi@klassekampen.no

ØKONOMI & arbeidsliv

NORGE ADVARER BRASIL

Truer med støttekutt til regnskogfond

Statsminister Erna Solberg (H) er krystallklar: Hvis Brasil igjen øker avskogingen, kuttes den norske støtten til landet.

– Jeg har i dag uttrykt bekymring for at avskogingen i Brasil igjen har økt noe, og at det er krefter i Brasil som ønsker å svekke miljøloven og redusere beskyttede områder, sa Solberg etter et møte med Brasils president Michel Temer i Oslo i går.

– Vårt bidrag til Amazonas-fondet er basert på at vi betaler for resultater. Dokumentert økt avskoging kommer til å gi redusert utbetaling fra Norge. Om foreløpige tall om avskoging fra 2016 blir bekreftet, betyr det redusert utbetaling i 2017, slo hun fast.

Krever resultater

Norge har siden 2011 plassert flere milliarder kroner i Amazonas-fondet som belønning for at Brasil har redusert avskogingen – et tiltak som sparer kloden for store klimautslipp. Men nå øker den igjen.

Avskogingen måles mot gjennomsnittet de foregående ti årene. Når den ligger under dette, får Brasil belønning fra Norge.

– Hvis ikke de møter målene på referansebanen, blir det reduserte eller ingen ut-



PROTESTER: Rettet mot den brasilianske presidenten i går.

betalinger, utdyper Solberg overfor NTB.

Hardt presset president

Avtalen går fram til 2020, og Solberg ser ingen grunn til å reforhandle den. Korrupsjonsanklagede Temer er i hardt vær på hjemmebane og nøyde seg i Oslo med å takke for den norske støtten.

– Dette bidraget har gjort at vi har kunnet gi et mer effektivt bidrag til å unngå avskoging, sa han.

Temer ville ikke svare på spørsmål fra mediene.

Presidenten ble møtt av demonstranter i Oslo. Mange av dem bar på plakater med slagord som «Stopp ødeleggelsen av regnskogen» og «Respekter urbefolkningens rettigheter».


©NTB

DAGENS GRAF

Betre tannstell blant barn og unge

Sidan 1980-talet har tannhelsen til barn og unge blitt bedre, særleg blant landets 18-åringar. Mens det i 1985 var 1 prosent av 18-åringane som ikkje hadde hol, var det i 2016 24 prosent utan hol i tenna.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Forstår ikkje Elkems problem m

Høgg ned

VILLE VEGAR: Staten må ikkje finansiera treplantasjar og trekolfabrikkar i Asia og Amerika, åtvarar Viken Skog og Agri Analyse.

INDUSTRI

Av Anne Kari Hinna

– Viss skattebetalarane sine pengar ikkje skal brukast til å få fram berekraftige næringer i Norge, då trur eg me er på heilt ville vegar, seier Olav Breivik, styreleiar i Viken Skog og ordførar (H) i skogkommunen Hobøl i Østfold.

Breivik er overraska over at metallprodusenten Elkem, som i arbeidet med å gjera produksjonen ved sine norske smelteverk meir klimavennleg, vurderer å gå i gang med ein massiv import av trekol frå utlandet, som Klassekampen skreiv torsdag.

Elkem ser no på moglegheita for å etablere egne treplantasjar og trekolfabrikkar i Sør-Amerika, Nord-Amerika og Asia «i regionar med rasktvekssande treslag». Framleis har ikkje Elkem tatt ei endelig beslutning, men ifølge kommunikasjonssjef Kristin Karlstad er Elkem klar i det dei finn eit plantasje-prosjekt som svarar seg økonomisk. Elkem ønsker at statens nye investeringselskap Fornybar AS bli innretta slik at det kan definnas eit plantasje-prosjekt, som det er knytt stor risiko til. Men Breivik åtvarar om å gi Fornybar AS grønt lys til å gå inn i eit slikt prosjekt.

– Det verkar veldig bakvendt og bakstrevsk. Eg er sikker på at me klarer laga trekol billig i Norge.

Bør ikkje få støtte

Heller ikkje dagleg leiar i Agri Analyse, Christian Anton Smedshaug, ser gode grunnar for at Fornybar AS skal finansiera treplantasjar i utlandet.

– Det vil vera svært overraskande om fondet vil støtta etablering av industri i utlandet, som kan etablerast i Norge. Norge treng sårt ny prosess-industri som kan sikra vidareføring av dei store økonomiske ringverknadane av våre verdikjeder basert på tømmer og vasskraft, seier han.

FAKTA

Skognæringa og industrien:

■ Elkem AS skal erstatta fossilt kol med trekol for å få ned klimautsleppa. Elkem vurderer å oppretta egne treplantasjar og trekolfabrikkar i utlandet.

■ Elkem håpar statens nye investeringselskap Fornybar AS kan bidra med finansiering til eventuelle plantasjar i utlandet.



Klassekampen 22. juni

Smedshaug seier han har vanskeleg for å sjå kva argument som er gode nok for å finansiera tilsvarande industri i Asia i direkte konkurranse med norsk etablering.

– Men saka stadfestar frykta dei fleste av oss har. Me klarer ikkje kopl saman nye industrielle initiativ, innovasjon og norsk foredling av skog.

– Stemmer ikkje

Viken Skog er det største skogeigarsamvirket i Norge med kring 10.000 deleigarar på Austlandet. Samla sett bidrar Viken Skog-eigarane med ca. 10,5 millionar dekar skog og står normalt for kring ein firedel av den samla leveransen av tømmer i Norge.

Elkem og Viken Skog har samarbeidd om prosjektet «Norwegian Wood» på Follum, som også involverte luftfartsbransjen. Prosjektet har fått millionar i støtte frå Innovasjon Norge, men ifølge Elkem blei ikkje kvaliteten på kolet godt nok for deira prosessar.

«Norge treng sårt ny prosess-industri»

CHRISTIAN ANTON SMEDSHAUG, AGRI ANALYSE

Til Klassekampen sa kommunikasjonssjef Kristin Karlstad i Elkem at det er ei utfordring at skognæringa i Norge jobbar kortsiktig, og Elkem ikkje har klart å få langsiktige kontraktar på trevirke og dermed tryggeliken dei treng for å investera i ein trekolfabrikk i Norge. Elkem meiner det er ei manglande industriell tenking i skognæringa. Breivik stiller seg heilt



FORSTÅR IKKJE: (Frå toppen) Olav Breivik, styreleiar i Viken Skog og ordførar (H) i Hobøl, Christian Anton Smedshaug i Agri analyse, Geir Pollestad (Sp), Else-May Botten (Ap) og Gunnar Gundersen (H).

uforståande til påstanden og seier at det er få som jobbar så langsiktig som skogeigarane.

– Det er ingen hol i leve-ransar. Det finst ikkje. Dette er rett og slett skivebom. Det må vera vikarierende motiv. Det er ikkje rett, seier han.

Han seier skogeigarar har vist seg gode på industri, og peiker på Norske Skog og Moelven som gode døme.

– Det var skognæringa som bygde Norske Skog og selskapet gjekk veldig bra når skogeigarane var den største eigar. Det var da såkalla profesjonelle eigarar kom inn at det gjekk dårleg i Norske Skog. I Moelven eig skogeigarar 60 prosent og har sete seks år utan å ta utbytte, seier Breivik.

– Eg er overraska over at Elkem uttalar seg om norske skogeigarar slik dei gjer. Me er framtidsette. Me er opptatt av å få mest mogleg ut av den norske stokken, seier han.

Eksporterer tre ut av landet
Christian Anton Smedshaug i

ed langsiktige kontraktar ■ Vil ha investeringar i Norge

d plantasjeidé



KRITISK: Mens Elkem AS vil at statens nye investeringsselskap Fornybar skal kunna gå inn og finansiera eit plantasjeprosjekt i utlandet, åtvarar både Viken Skog og Agri Analyse mot det.

FOTO: STATSKOG

Agri Analyse seier også at han ikkje forstår Elkems påstand om at det skal vera vanskeleg å få hand om langsiktige kontraktar med skognæringa i Norge. Han seier at Norge har eit massevirkeoverskott på 2

til 2,5 millionar kubikk som i dag blir eksportert ut av landet. Både Smedshaug og Breivik seier tidspunktet for ei investering i Norge er gunstig.

– Timinga for å investeringa ut frå valuta og råvarepris

er heilt riktig, seier Breivik.

Smedshaug i Agri Analyse meiner at det må gå an å garantera for store volum i dagens marknadssituasjon.

– Her må Elkem komma med mykje meir presis infor-

masjon for å forklara deira eventuelle problem, seier Smedshaug.

– **Andre internasjonale selskap kjøpar råvarer jamt og trutt i Norge, seier Breivik.**

annekarih@klassekampen.no

Tverr-politisk vonbrot

– Tanken på at Fornybar AS skal sikra kapital til produksjon av biokol i Asia kan vel ikkje nokon ha meint er formålet med Fornybar AS, seier leiar for Næringskomiteen på Stortinget, Geir Pollestad (Sp).

Han gjer det klart at Senterpartiet ikkje vil gi statens nye investeringsselskap Fornybar AS grønt lys til å finansiera treplantasjar og trekolfabrikkar i utlandet, slik metallprodusenten Elkem AS ønsker.

– Eg meiner Fornybar AS må ha to mål. Det eine er det grønne, klimaet. Det andre er at det skjer i Norge og sikrar arbeidsplassar i Norge.

– Intensjonen vår er å få opp bruken av skog i Norge og ha industribiten i Norge, seier Else-May Botten i Arbeidarpartiet.

SV er einig.

– Heile poenget var at gjennom Fornybar AS skulle ein gjera tilgjengeleg kapital for slike prosjekt i Norge, seier Torgeir Knag Fylkesnes (SV), som også viser til at Skogmeldinga.

– Me har veldig mykje skog i Norge som er eigna. Å få ein industriell bruk er eit mål Stortinget har vedtatt gjennom Skogmeldinga, seier Fylkesnes.

Også Høgre er kritisk.

– Eg trur dei fleste tenker at Fornybar skal bidra til betre klimaløysingar her heime i norsk industri, seier Gunnar Gundersen (H).

LAURIE PERFORMANCE
ANDERSON MUNCHMUSEET
27.9 OG 28.9

MUNCH
 MUSEET

Billetter: ticketmaster.no